



**Fræna kommune**  
Teknisk forvaltning  
Plan

Arkiv: 08017  
Arkivsaksnr: 2008/2126-24  
Sakshandsamar: Mona Rustad

## Samla saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	136/2009	02.11.2009
Kommunestyret i Fræna	58/2009	16.11.2009

### Reguleringsplan Jendem Næringspark - til godkjenning

#### Saksdokument

Oversiktskart, datert 23.10.09

Forslag til reguleringsplan, datert 23.10.09

Forslag til føresegner, datert 27.10.09

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga, datert 16.06.09

Brev om melding vedrørende utviding av avgrensingsområdet for Jendem næringspark, datert 27.11.08

#### Innkommne merknader

Statens vegvesen, datert 14.08.08

Møre og Romsdal fylke, datert 17.08.08

#### Saksopplysningar

Angvik Prosjektering meldte oppstart på reguleringsplanen for Jendem Næringspark i juni 2006. Målet med reguleringsplanen er å leggje til rette for industriverksemd.

Planområdet for Jendem næringspark er på 70 daa, og regulerer hovudsakeleg område til industri. Vidare er det regulert eit parkbelte rundt industriområdet samt ein gang- og sykkelveg langs den kommunale vegen, nord for industriområdet, fram til Jendem skule.

Reguleringa rører ved fire eigedomar; gnr. 34/17 tilhøyrande Idar Rune Gjendem, gnr. 34/7 tilhøyrande Ingvar Arne Aandal og Berit Dahl, gnr. 34/5 tilhøyrande Arne Gjendem og gnr. 34/6 tilhøyrande Kjell Palmer Rødal.

Plan- og økonomiutvalet vedtok i ekstraordinært møte 22. juni 2009 å leggje planen ut til offentleg ettersyn. Planen har ligge ute i tida 10.07. – 21.08.2009. I samband med det offentlege ettersynet fikk vi inn to merknader til planarbeidet. I det følgjande er det gjort eit samandrag av dei einskilde merknadane, men vi rår til at alle merknadane i heilskap vert lest.

### **Statens vegvesen, datert 14.08.08**

Statens vegvesen ser positivt på at gang- og sykkelvegen er regulert inn i planområdet langs den kommunale vegen fram imot Jendem skule. Det er derimot to ting ein bør sjå nærare på før planen blir endeleg vedteke. For det første bør det regulerast inn frisisiktsoner i krysset mellom fylkesveg 228 og den kommunale vegen. For det andre må byggegrensene i krysset mellom fylkesveg 228 og fylkesveg 215 sør i planområdet justerast i samsvar med veglovens §29. Her hadde Statens vegvesen sett føre seg at byggeavstanden til fylkesveg 215 vert auka til minimum 20 meter.

#### **Vurdering:**

*Byggegrensene er no teikna inn i planen. Frisisiktsona i krysset mellom fylkesveg 228 og den kommunale vegen der frisisiktsona tek utgangspunkt i fylkesvegen, er no teikna inn i planen. Byggegrensene i krysset mellom fylkesveg 228 og fylkesveg 215 er justert i samsvar med veglovens §29.*

*Merknaden er slik sett imøtekomen.*

### **Møre og Romsdal fylke, datert 29.07.08**

Møre og Romsdal fylke har ut frå sine ansvarsområde ikkje vesentlege merknader til planforslaget, som for deira del kan godkjennast.

#### **Vurdering**

*Planen er justert etter dei merknadene som kom inn under offentleg ettersyn. Når det gjeld parkbeltet rundt industriområdet som skal nyttast til støyskjerming, er det lagt opp til at vollen mot skolen skal vere fire meter høg, mens vollen langs den kommunale vegen skal vere to og ein halv meter høg. Maks stigning på slike skråningar er 1:1,5, og for å få tilstrekkeleg plass er parkbeltet utvida fram til byggegrensa. Eit unntak er nordvest i planområdet der frisisiktsona gjer det naudsynt å gå noko lengre inn i industri/lagerområdet enn denne byggegrensa. Ytterligere behov for areal til jordvoll skal dekkast av tilstøytande industri/lagerområde.*

#### **Rådmannens tilråding:**

Med heimel i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 § 27-2 nr. 1, vert forslag til reguleringsplan for Jendem næringspark datert 23.10.09, med tilhøyrande føresegner datert 27.10.09, vedtatt.

### **Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 02.11.2009**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 § 27-2 nr. 1, vert forslag til reguleringsplan for Jendem næringspark datert 23.10.09, med tilhøyrande føresegner datert 27.10.09, vedtatt.

### **Behandling i Kommunestyret i Fræna - 16.11.2009**

Plan- og økonomiutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 § 27-2 nr. 1, vert forslag til reguleringsplan for Jendem næringspark datert 23.10.09, med tilhøyrande føresegner datert 27.10.09, vedtatt.